

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 13.09.22

Vår ref: 2020/320  
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 22/1694 - 22/48071

Alver kommune

### **Alver – oppstart kommuneplanen sin arealdel og høyring av planprogram – uttale**

Viser til brev av 21.06.22, med vedlegg, frå Alver kommune om ovannemnde sak.

I forbindelse med planarbeidet ønsker ein å peike på viktigeita av ivaretaking av det marine miljø og yrkesfiskarane sine interesser. For at fiskerinæringa skal kunne skape verdiar av ressursane i sjø er det avgjerande at ein legg til rette for dette i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, samfunnsdel og samfunnsutviklinga elles i kommunen.

For å sikre god sameksistens er det viktig at ein i kommuneplanen sin arealdel, registrerer viktige fiskeriinteresser. Ein visar til Fiskeridirektoratet sitt kartsystem og dei kystnære fiskeriinteressene som er registrert der. Spesielt viktig er gyte- og oppvekstområde, samt kaste-/låssettingsplassar og reketrålfelt, som er naturgjevne område og resultat av eit velfungerande økosystem. I tillegg vil ein peike på at ikkje alle fiskeriinteresser er registrert som til dømes leppefiske. Ein må òg ha med seg at fisket ikkje nødvendigvis kun foregår innanfor dei registrerte linjene/områda. Fiskeria foregår på levande marine ressursar og ein er dermed avhengig av å fangste der artane befinn seg. Det er viktig at ein legg til rette for at yrkesfiskarar fortsatt kan drive si verksemder der dei marine tilhøva legg til rette for det.

Ein er avhengig av forståing av problemstillingane som ofte kan vere unike for fiskerinæringa. Tiltak som kan verke små i det heilheitlege biletet, kan ha stor innverknad for den enkelte fiskar. Fiskerinæringa treng forutsigbarheit og at tilhøva blir lagt til rette for verksemda på land og til sjøs/havs.

Det er òg viktig at ein skil flytebrygger, kaiar og naust (for oppbevaring av utstyr) til bruk i samband med yrkesfiske («driftsbygningar» for fiskerinæringa) og det som blir brukt til fritidsføremål. Det er viktig at ein har eit visst antal kommunale/statlege kaiar med god standard



som møter yrkesfiskarane sine behov. Det må òg vere gode avfallsordningar lett tilgjengeleg og gratis levering av «herrelauast avfall», som fiskarane bringer gratis til land.

I arbeidet med arealdelen må ein ha med seg forholdet mellom arealføremål på land og i sjø. Utbygging av fritidsbustadar og flytebrygger i strandsona ved område der det foregår fiskeriaktivitet kan ofte føre til areal- og interessekonfliktar, der ålmenta forventar at yrkesfiskarane må vike. Av erfaring opplev ein at folk som ikkje er kjent med korleis dagens fiskeri blir utøvd, ser på det som støyande aktivitet - då dette skjer i same område som fritidsbebuarane ønskjer ro. Ein har i fleire område langs kysten eksempel på fritidsbebuarar som driv med truslar og hets av yrkesfiskarar, og herverk på deira utstyr. Dette kan ein ikkje godta. Fisket er lovleg, berekraftig og grundig regulert av offentlege mynde.

Saman med utbygging av fritidsbustadar i strandsona, aukar òg sjøtrafikken i området. Auka trafikk på sjøen vil kunne forstyrre innsig av fisk på naturlege plassar og utøvinga av yrkesfiske.

Ein opplev at økonomiske insentiv, som inntekter frå eigedomsskatt og havbruksfond, ofte kan gjere kommunar mindre næringsnøytral og i større grad akseptere mellom anna akvakulturverksemder eller anna verksemder som kan gå på bekostning av det marine liv og mogleiken til å drive yrkesfiske.

Det er viktig at ein har ei nøytral tilnærming, heilheitleg planlegging og at det søker løysingar som sikrar dei biologiske forholda i sjø, fiskeriinteressene og god sameksistens.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

I tillegg er yrkesfiskarane avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

God planlegging av land- og sjøareala kan bidra til å sikre trivsel, arbeidsplassar og rekruttering inn i fiskerinæringa. Det er viktig at kommunen legg til rette for at ei tradisjonsrik næring, med tilhøyrande kystkultur, kan leve vidare og fortsetje å skape verdiar av ressursane i sjø.

Fiskarlaget Vest ber om å få tilsendt framtidige høyringar knytta til revidering av kommuneplanen.



Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø  
*Dagleg leiar*

Eirin Kongestøl Espeland  
*Rådgjevar*

Kopi: Nordhordland Fiskarlag  
Fiskeridirektoratet region Vest  
Statsforvalteren i Vestland

*Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.*